

### **Endring i skulestruktur frå fritt skuleval til nærskuleprinsippet**

Hei, eg skriv angåande endring av skulestrukturen slik det nye fylkestinget legg opp til. Eg bur i Austevoll kommune der me har lokal vidaregåande skule med fleire linjer. I fleire år no har me hatt studiespesialiserande linje, noko som blir tatt godt imot hos mange unge jenter og gutter som ynskjer å bu heime et år ekstra før dei må reise frå heimstaden sin.

Ved å innføre nærskuleprinsippet frå neste skuleår, er eg redd for å mista tilbodet om studiespesialisering. Dette haurest kanskje rart ut, men eg skal forklara korfor her.

Ved at årets 10 klasse elevar framleis har fritt skuleval, fryktar eg at dei vil søkje seg direkte til den skulen dei har planar om å gå i vg2 og vg3. Dette for å vete kva skule dei kjem på dei neste åra. Då vil me merke ein nedgang i søkerar til vår nærskule i år (2016), noko som kan føre til at linja vert nedlagt. Dette vil bli eit tap for mange unge i vår kommune.

Spørsmål eg har i forhold til om de vil endra skulestrukturen er kva skule vert Austevoll sin nærskule ?

Vert det same nærskule for dei sør i kommunen som for dei nord i kommunen ?

Reknar de nærskule i forhold til reisetid eller i luftlinje?

Eg håpar de kan gje svar på desse spørsmåla då dei er av stor betyding for dei unge i Austevoll.

Med vennleg helsing  
Hilde Elisabeth Økland